



## Innkalling for Kommunestyret i Radøy

**Møtedato:** 21.09.2016  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17:00

### Saksliste:

Saksnr	Tittel
040/2016	Meldingar og referatsaker
041/2016	Nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar
042/2016	Salsløyve i nytt lokale - Rema 1000 Manger
043/2016	Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke
044/2016	Forlenging av sal- og skjenkeløyve 2016-2020
045/2016	Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i bergensregionen og avvikling av dagens Bergen og Omland havnevesen (BOH)
046/2016	Budsjettregulering september 2016
047/2016	Etablering av førebuande fellesnemnd
048/2016	Forslag til endring av konsesjonslova, jordlova og lov om odelsretten og odelslova
049/2016	Tilbakebetaling av oppteke startlån 2016
050/2016	Kloakksanering Manger - nytt reinseanlegg
051/2016	Nye garderobar Manger skule

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

13.september 2016

Jon Askeland  
ordfører

Arthur Kleiveland  
møtesekretær

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
040/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/1602	16/11698

### Meldingar og referatsaker

#### Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- a. Brev Statens vegvesen – grunnerverv f.v. Marås-Soltveit
- b. Nyheitsbrev UDI region Vest – juli 2016
- c. Informasjon frå UDI – situasjonen i mottakssystemet og mottaksberedskap 201

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

#### Vedlegg:

Grunnerverv f\_v\_Marås\_Soltveit

UDI\_region\_Vest\_nyheitsbrev\_juli 2016

Informasjon frå UDI\_Situasjonen i mottakssystemet\_mottaksberedskap 2016

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
070/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016
041/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	16/991	16/10459

## Nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Radøy kommune fordeler kvart år kulturmidlar til lag og organisasjonar og ulike kulturtiltak i kommunen. Retningslinene som ligg til grunn for desse tildelingane vart vedtatt i formannskapet 15. juni 2000 (sak 55/00) og er på mange måtar utdaterte no. Rådmannen har laga utkast til nye retningslinjer, i tråd med Kulturplan for Radøy kommune 2011-2020.

Formannskapet vedtok i møte 1. juni 2016 å leggja utkast til nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar ut på høyring med frist 15. august. Det kom inn fem innspel til utkastet. Nedanfor vert desse gått gjennom og kommentert.

Om dei nye retningslinene vert vedteke slik dei ligg føre, må det også gjerast ei fordeling i dei midlane som vart sett av i budsjettet for 2016 til driftsmidlar til lag og organisasjonar mellom tilskotstype 1 «driftsmidlar» og tilskotstype 2 «tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg» (ny). Denne omfordelinga bør gjerast i samband med at nye retningslinjer for kulturmidlar vert vedtatt, slik at fordelinga er klar til søknadsrunden i haust.

#### Vurdering

For utgreiing om dei viktigaste endringane i høve til dei noverande retningslinene, sjå saksframlegget til møte i formannskapet 1. juni 2016 (vedlagt), der utkast til retningslinjer vart lagt ut på høyring.

#### Høyringsinnspel til utkastet:

##### 1. Eldrerådet

Forslag til retningslinjer er i stor grad i tråd med eldrerådet sine ønskjer. Rådet har hatt ei drøfting kring tilskotsendringa til RUFY. Det faste tilskotet til RUFY på 10 000,- er teke vekk i forslaget, og laget må då søkja på lik linje med andre lag. Det vil sei at tilskotet ikkje skal dekkja meir enn 50% av driftsutgiftene. Dermed vil dette tilbodet få heilt andre

økonomiske rammer, noko ein ser på som uheldig fordi dette er ei gruppe som har få fritidsaktivitetar utanom dette tilbodet og ein ser faren for at tilbodet vil falla vekk. Eldrerådet ønskjer at tilskot til RUFY på kroner 10 000 vert vidareført. Subsidiert ønskjer eldrerådet at kommunen overtar driftsutgiftene til lokalet.

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen meiner det er svært viktig at personar med nedsett funksjonsevne har eit allsidig og godt aktivitetstilbod. Aktivitetar som femnar om menneske med nedsett funksjonsevne er difor eit av dei område som er sagt skal prioriterast ved tildeling av kulturmidlar. Det er i tillegg sagt at tal på medlemmer busett i Radøy kommune, aktivitetsnivå og driftsutgifter- og inntekter skal vektleggjast, og at medlemskontigent skal telja positivt når det gjeld tildeling av driftsmidlar.

Rufy er ein etablert fritidsklubb med eit nokså høgt aktivitetsnivå, og eitt av få faste aktivitetstilbod for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen. I 2015 hadde Rufy heile 37 medlemsmøte og i tillegg ein tur og ei juleavslutning. Eit slikt aktivitetsnivå viser sjølv sagt att i rekneskapen, og i fjor ser me at Rufy hadde driftsutgifter på vel 22 000 kroner. Då er ikkje utgiftene til innkjøp av mat tatt med. Med dei nye retningslinene kan Rufy såleis få meir enn 10 000 kroner i kulturmidlar, dersom aktivitetsnivået vert halde oppe. Forslaget om å gje Rufy eit fast tilskot på kr 10 000 kan såleis slå negativt ut laget samanlikna med forslaget i dei nye retningslinene for kulturmidlar.

Ved å setja av 10 000 kroner fast til eit lag kan ein risikera at eit lag får fast tilskot jamvel om aktivitetsnivået og driftsutgiftene fell til eit minimum, og at høgare aktivitetsnivå ikkje gjev utteljing på storleiken på tilskotet. Rådmannen meiner dette er uheldig.

I noverande retningsliner for kulturmidlar frå 2000 var det sett av 10 000 kroner til lag for funksjonshemma. Denne summen har stått fast sidan då, medan summen som vert fordelt mellom dei andre laga har auka monaleg. Dette viser også korleis ein fast sum i retningslinene kan slå negativt for laget.

Om Rufy held oppe aktivitetsnivået og synleggjer alle utgiftene i rekneskapen, vil dei nye retningslinene kunna gje Rufy meir kulturmidlar enn det dei får i dag. Rådmannen innstiller difor på at det ikkje vert sett av ein fast sum til fritidsklubben Rufy.

## 2. **Radøy idrettslag**

Radøy idrettslag ser positivt på at retningslinene vert gått gjennom og rydda i. Norges Idrettsforbund vedtok på Idrettstinget i juni 2015 mellom anna at rapporterings- og søknadsfristar for idrettslaga skulle samlast. Frist for avvikling av årsmøte i idrettslaga vart sett til 31.mars, og fristen for rapportering av medlemsopplysningar (idrettsregistreringa) vart sett til 30.april.Med utgangspunkt i dette vil Radøy idrettslag gjera framlegg om at fristen for søknad om driftsmidlar til Radøy kommune vert sett til 30.april.

Rådmannen sin kommentar:

Rådmannen kan ikkje sjå at det er problematisk at søknadsfristen vert forskyve frå 15. mars til 30. april. På informasjonsmøtet for lag og organisasjonar var det fleire lag som ynskte å få kulturmidlane utbetalt i første halvdel av året. Også med søknadsfrist 30. april vil laga få utbetalt midlar før sommaren.

### 3. Radøy idrettsråd

Radøy idrettsråd har tilsvarende tilbakemelding som Radøy idrettslag, og ynskjer at fristen for å søkja kulturmidlar vert sett til 30. april.

#### Rådmannen sin kommentar:

Sjå under Radøy idrettslag.

### 4. Kyrhovden velforening

Ingen forslag til endringar

### 5. Radøy musikkråd

Musikkrådet meiner det er positivt at det kjem nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar, og stiller seg derfor bak dei forslag til endringar som er foreslått. Musikkrådet ser at foredelingen mellom idrett og musikk er uendra. Me kunne tenkt oss ein fordelingsnøkkel der forskjellen vert utjevna. Ellers er det positivt at inntil 10% av tilskot til andre lag og organisasjonar no kan gjerast tilgjengelig for lag innan idrett eller musikk dersom det skulle være aktuelt.

#### Rådmannen sin kommentar:

Fordelingsnøkkel der idrett får 45 % og song og musikk får 35 % har stått fast sidan 2000. Bakgrunnen for at idretten vert tilgodesett med meir enn song og musikk er at talet på medlemmer er langt høgare og aktivitetetsnivået samla sett er høgare. Av dei laga som søkte og fekk kulturmidlar i Radøy kommune i 2014 var det 949 medlemmer i idrettslaga (744 born og 205 vaksne) og innan song og musikk 206 medlemmer (143 born og 63 vaksne). Manger musikklag er ikkje tatt med i dette talet, då dei får midlar utanfor den potten som vert fordelt mellom laga.

Rådmannen er klar over at utgiftsnivået særleg til korpsa er høgt, og særleg om ein ser det i samanheng med tal på medlemmer. Rådmannen meiner likevel det er rett at idretten får ein større andel enn song og musikk då forskjellen i tal på medlemmer er så stor.

### **Fordeling av midlar mellom dei ulike tilskotstypene i 2016**

I forslaget til nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar som ligg føre, er det lagt inn fleire nye tilskotstypar. Dei fleste av desse er foreslått i verksett frå 2017. Om dei nye retningslinjene vert vedteke slik dei ligg føre må det difor gjerast ei omfordeling i dei midlane som vart sett av i budsjettet for 2016 til kulturmidlar mellom tilskotstype 1 «driftsmidlar» og tilskotstype 2 «tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg» (ny).

Tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg er tenkt til mindre tilskot til investeringar i eigne kulturbygg og -anlegg og kjøp av utstyr og materiell til eigne kulturbygg og -anlegg. Ved å gjera det på denne måten kan ein støtta opp om dei laga som ynskjer å vidareutvikla bygga dei forvaltar og gje meir midlar når det trengs, i staden for å fordela det flatt utover som driftsmidlar.

Rådmannen er usikker på korleis denne endringa i retningslinjer for kulturmidlar vil slå ut på søknadsmengden, og om fleire lag vil søkja om midlar til mindre investeringar. For å ikkje tappa driftsmidlar frå dei andre laga, foreslår rådmannen difor å setja av ein sum som om lag tilsvargar det som vart fordelt til grendalag og andre som forvaltar grendahus og liknande i fordelinga av kulturmidlar for 2015.

Rådmannen foreslår difor at dei 375 000 kroner som var sett av i budsjettet til driftsmidlar til lag og organisasjonar i 2016 vert fordelt slik:

1. 360 000 kroner til driftsmidlar (tilskotstype 1)
2. 15 000 kroner til tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg (tilskotstype 2).

### **Konklusjon**

Rådmannen tar innspelet frå Radøy idrettslag og Radøy idrettsråd til følge, og endrar utkast til retningsliner for kulturmidlar i tråd med dette.

Rådmannen foreslår at dei 375 000 kroner som var sett av til driftsmidlar til lag og organisasjonar i 2016 vert fordelt slik: 360 000 kroner til driftsmidlar (tilskotstype 1) og 15 000 kroner til tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg (tilskotstype 2).

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utkast til retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Radøy kommune vert vedtatt slik det ligg føre.

Løyvinga på 375 000 kroner til driftsmidlar til lag og organisasjonar i budsjettet for 2016 vert omfordelt slik: 360 000 kroner til driftsmidlar til lag og organisasjonar og 15 000 til tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg.

### **Formannskapet i Radøy - 070/2016**

#### **FS - handsaming:**

Rådgyevar kultur, Bente K. Hervik, orienterte om høyringsprosessen og orienterte om innkomne forslag.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) uttrykte bekymring for at dei nye retningslinjene ikkje ville ta nok omsyn til gruppa "andre lag og organisasjonar". Ho legg vekt på å stimulera til eit mangfald i kulturaktivitetane, og sette fram følgjande endringsframlegg:

*Potten til "andre lag og organisasjonar" skal utgjera 20. prosent.*

Skartveit Dale ønskjer at kommunen skal prioritera sterkt tiltak for funksjonshemma. Ho viste til at ungdomsklubben Rufy ikkje har fått auke i tilskotet sidan 2000. Ho kom med følgjande framlegg: *Rufy får 15.000 kroner i årleg tilskot (indeksregulert), og Radøy kommune dekkar kostnaden med to støttekontaktar tre timar ein gong i veka.*

Ordførar Jon Askeland reiste også spørsmålet om kulturmidlar til privatpersonar som driv kulturformidling på ikkje-kommersiell basis, som t.d. Nordanger gardsmuseum, motorsamlinga på Storheim og kulturtunet på Kvalheim.

Rådgyevar kultur fråråda at denne type verksemd skal kunne søkja driftsmidlar frå potten til lag og organisasjonar. Ho peika på at det kan vera mogleg å opna opp for desse å søkja om tilskot frå potten til Aktivitets- og prosjekttilskot, eller at det kan gjevast driftstilskot gjennom ei eiga tilskotsordning - evt som eit fast tilskot.

Kirsti Gjetle Floen (A) orienterte om det gode integrerings-arbeidet som blir gjort knytt til LHL sin internasjonale kafe på Manger. Ho meiner kommunen må støtta tiltaket med å dekkja kostnadane til mat.

Rådgyevar kultur svara at ein kan velja å opna opp for at fleire lag kan søkja aktivitets- og prosjekttilskot til kulturtiltak.

Ordføraren ber administrasjonen leggja fram sak om økonomisk tilskot til integrering/inkludering.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) sitt framlegg fekk ei røyst og fall.

Formannskapet vedtok rådmannen si tilråding mot ei røyst.

### **FS - vedtak:**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Utkast til retningsliner for tildeling av kulturmidlar i Radøy kommune vert vedtatt slik det ligg føre.

Løyvinga på 375 000 kroner til driftsmidlar til lag og organisasjonar i budsjettet for 2016 vert omfordelt slik: 360 000 kroner til driftsmidlar til lag og organisasjonar og 15 000 til tilskot til mindre investeringar i kulturbygg og -anlegg.

### **Vedlegg:**

Retningsliner for kulturmidlar i Radøy kommune\_ny versjon – etter høyring

Nye retningsliner for tildeling av kulturmidlar - saksframlegg til møte 1. juni 2016

Uttale frå Radøy idrettslag

Uttale frå Radøy idrettsråd

Uttale frå Kyrhovden vel

Uttale frå Radøy musikkråd

Uttale frå Radøy eldreråd

Noverande retningsliner kulturmidlar

Referat frå møte med lag og organisasjonar 9. februar

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/1584	16/11568

### Salsløyve i nytt lokale - Rema 1000 Manger

#### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Tore Nesse a/s Rema 1000 Manger har søkt om salsløyve for alkoholhaldig drikke i gruppe 1 frå 01.11.2016 i nytt bygg. Bygget er 937 kvadratmeter og har adresse Radøyvegen 1675.

Tore Lie Nesse er styrar for salsløyvet og Evy Borge er stadfortredar. Varesortementet er daglegvarer. Opningstida vil vera frå kl. 07.00 til kl. 23.00 på kvardagar og frå kl.08.00 til kl.21.00 på laurdagar.

#### Vurdering

Politiet, skattevesenet og NAV har hatt saka om fornying av skjenkeløyve til høyring i juli i år. Ingen merknadar kom inn på verksemda eller dei ansvarlege for løyvet. Denne vurderinga vert nytta i denne saka også, då det er dei same som er ansvarlege.

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 gjev kommunestyret salsløyve til Tore Nesse AS/Rema 1000 (org. nr. 980017206). Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.11.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Rema 1000, Manger i Radøyvegen 1675.
4. Styrar for løyvet er Tore Lie Nesse med Evy Borge som stadfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgde.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

#### Vedlegg:

Teikningar\_Rema1000



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016
043/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/224	16/9294

### Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke

#### Saksopplysingar:

Saka er utsett frå kommunestyremøtet 15. juni i år, og skal handsamas på nytt av formannskap og kommunestyre.

Årsaka til utsetjinga er uavklara spørsmål knytt til konsekvensar for uteservering. Rådmannen har gjort ei ny vurdering av saka, og for å sikra at gjeldande praksis og interesser vert ivareteke vert punkt 3.c i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* endra slik at dette punktet no er:

*Skjenking utandørs følgjer som hovudregel den generelle skjenketida. Dersom tilhøva på staden tilseier det, vil skjenketida for uteservering kunna innskrenkast.*

Dette vil vera i tråd med følgjande tidlegare vedtak:

#### KS-038/05 Vedtak:

*Kvalheim Fritidsenter AS får høve til å nytta same skjenketider utandørs som innandørs frå 1. juli 2005.*

#### KS-006/11 VEDTAK:

*Skjenketida for uteservering vert dei same som skjenketida innandørs i ein prøveperiode fram til 30.06.2012. Formannskapet får fullmakt til å gjera dette til ei permanent ordning dersom ikkje erfaringar i prøveperioden tilseier noko anna.*

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert vedteke slik den ligg føre.

## **Formannskapet i Radøy - 068/2016**

### **FS - handsaming:**

Saka er oppe til ny handsaming etter utsetjing i kommunestyret 15. juni i år.

Else Marie Skartveit Dale (KrF) reiste KrF sitt framlegg frå kommunestyret:  
*Opningstida for alkoholsal i butikk vert sett til kl. 10.00.*

Kenneth Taule Murberg (H) kom med følgjande endringsframlegg under punkt 2:  
*Opningstida for alkoholsal i butikk vert sett til kl. 9.00 på kvardagar.*

Framlegget frå Skartveit Dale fekk ei røyst (KrF) og fall.  
Framlegget frå Taule Murberg vart vedteke med 6 røyster mot 1 (KrF).

Formannskapet vedtok rådmannen si tilråding med Kenneth Taule Murberg sitt endringsframlegg i møtet.

### **FS - vedtak:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke vert vedteke slik den ligg føre, med følgjande endring i pkt 2a:  
Opningstida for alkoholsal i butikk vert sett til kl. 09.00.

### **Vedlegg:**

Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke

Saksdokument frå formannskap og kommunestyret juni

Skjenketider i Radøy kommune mellombels

Søknad om utvida skjenketid på terrasse - Kvalheim Fritidsenter AS

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
067/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016
044/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Monika Soltveit Gabrielli	16/1266	16/9300

### Forlengig av sal- og skjenkeløyve 2016-2020

#### Saksopplysingar:

Alle sals- og skjenkeløyve for alkohol går ut 30. september i år. Løyve i perioden 30.juni til 30.september 2016 er gitt med heimel i alkohollova § 1-6, 7. ledd.

Tidlegare har lovverket krevd at kvart løyve skal vurderast på nytt etter ny søknadsrunde i kvar kommunestyreperiode. Ei lovendring (alkohollova § 1-6, 3.ledd) frå 1. januar 2016 seier at det nye kommunestyret no kan vedta at løyve gjevne av det gamle kommunestyret kan vidareførast utan at sals- og skjenkestadane må søkja på nytt.

Radøy kommunestyre gjorde følgjande vedtak i sak 008/2016:

*Sals- og skjenkestadane i Radøy får tilbod om å forlenga sals- og skjenkeløyve utan søknadsprosess.*

Føremålet med lovendringa er å redusera meirarbeid og byråkrati. Kravet lova set til kommunestyret er å ha ein gjennomgang av alkoholpolitikken i kommunen før løyva vert vidareførte. Det er lagt fram forslag til *forskrift om sal, skjenking og opningstider* til dette møtet.

Det forlenga løyvet gjeld for fire nye år, og så er det opp til det nye kommunestyret om dei vil forlenga løyvene eller ha ny søknadsrunde. Kravet vil også då vera ein gjennomgang av alkoholpolitikken av det same kommunestyret som vidarefører løyva (alkohollova § 1-6, 4.ledd).

Formålsparagrafen i alkohollova seier at lova har som føremål å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som følgje av alkoholbruk. Lova siktar mot å avgrensa alkoholforbruket.

Eit løyvevedtak er ei skjønsmessig avgjerd. Det kan bl.a. leggast vekt på tal sals- og skjenkestader, staden sin karakter, plassering, målgruppe, trafikk- og ordensmessige forhold, næringspolitiske omsyn, omsynet til nærmiljøet, og om søkjar er eigna til å ha løyve.

Det er likevel ein del formelle krav til handsaminga. Kommunen har ikkje høve til å knyte andre vilkår til løyvet enn det som følgjer direkte av loverket.

I medhald til § 1-7 i alkohollova er det bede om uttale frå politiet, sosialmynde og skatte- og avgiftstyresmaktene. Uttale frå skattestyresmaktene inneheldt nokre merknader, men ikkje kommentarar som påverkar om ein er skikka til å forvalta sals- og skjenkeløyvet. Politiet har ingen merknader til nokon av løyvehavarane og NAV Radøy har ikkje kome med uttale pr. 29. juli 2016.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 forlenger kommunestyret skjenkeløyva som vart gjevne i førre kommunestyreperiode. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

#### **Bøvågen øl og vinstue (org.nr. 994548948):**

1. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Skjenkeløyvet gjeld i bygg på gnr. 24 , bnr. 295 for innandørs lokale på omlag 150m2, og for uteservering på terrasse (omlag 85 m2) i tilknytning til nemnde lokale.
4. Som skjenkestyrar vert godkjent Øystein Rikstad med Jostein Rikstad og Svein Rikstad som stedfortredarar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
8. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

#### **Radøystova (org. nr. 983984649):**

1. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld for selskapslokale på ca. 130 m2 og for uteareal på ca. 120 m2.
4. Løyvet gjeld for slutta selskap, der matsservering er ein del av programmet.
5. Som skjenkestyrar vert godkjent Janne Pletten med Arve Gjellesvik som stedfortredar.
6. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
7. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
8. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
9. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

#### **Kvalheim Fritidssenter AS (org. nr. 05056318064)**

1. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Skjenkeløyvet gjeld for innandørs lokale på 160 m2, og for uteservering på terrasse (140 m2).
4. Som skjenkestyrar vert godkjent Anne-Sophie Lindahl med Pawel Targonski som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.

6. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
8. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1 2. ledd og 3-7 forlenger kommunestyret salsløyva som vart gjevne i førre kommunestyreperiode. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

#### **Coop Hordaland (org. nr. 982594421)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholholdig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Coop Ekstra, Manger.
4. Styrar for løyvet er Bjarne A. Larsen med Kjersti Kartveit som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

#### **Bunnpris Austmarka AS (org. nr. 915159508)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholholdig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Bunnpris Austmarka AS.
4. Styrar for løyvet er Christian Næss med May Sissel Hospdal som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

#### **Tore Nesse AS/Rema 1000 (org. nr. 980017206)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholholdig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Rema 1000, Manger.
4. Styrar for løyvet er Tore Lie Nesse med Evy Borge som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholholdig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

#### **Bøvågen Mat AS (org. nr. 985297908)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholholdig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Bøvågen Mat AS.
4. Styrar for løyvet er Frode Myking med Kari Valdersnes Marøy som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert

følgte.

6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

#### **Sletta Handel As (org. nr. 960412192)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Sletta handel As.
4. Styrar for løyvet er Vibece Pletten Aasgard med Claus Pletten som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

#### **Formannskapet i Radøy - 067/2016**

##### **FS - handsaming:**

Roy Bø (FrP) sa seg inhabil på grunn av medeigarskap i ei av bedriftene saka omhandlar. Han deltok ikkje i handsaminga av saka.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

##### **FS - vedtak:**

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-6, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2, 4-3 og 4-4 forlenger kommunestyret skjenkeløyva som vart gjevne i førre kommunestyreperiode. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

##### **Bøvågen øl og vinstue (org.nr. 994548948):**

1. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Skjenkeløyvet gjeld i bygg på gnr. 24 , bnr. 295 for innandørs lokale på omlag 150m2, og for uteservering på terrasse (omlag 85 m2) i tilknytning til nemnde lokale.
4. Som skjenkestyrar vert godkjent Øystein Rikstad med Jostein Rikstad og Svein Rikstad som stedfortredarar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
8. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

##### **Radøystova (org. nr. 983984649):**

1. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.

3. Løyvet gjeld for selskapslokale på ca. 130 m<sup>2</sup> og for uteareal på ca. 120 m<sup>2</sup>.
4. Løyvet gjeld for slutta selskap, der matsservering er ein del av programmet.
5. Som skjenkestyrar vert godkjent Janne Pletten med Arve Gjellesvik som stedfortredar.
6. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
7. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
8. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
9. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

#### **Kvalheim Fritidssenter AS (org. nr. 05056318064)**

1. Skjenkeløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Skjenkeløyvet gjeld for innandørs lokale på 160 m<sup>2</sup>, og for uteservering på terrasse (140 m<sup>2</sup>).
4. Som skjenkestyrar vert godkjent Anne-Sophie Lindahl med Pawel Targonski som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Skjenketider gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Tilsette kan ikkje konsumera og/eller vera påverka av rusmidlar i arbeidstida.
8. Nødvendige offentlege godkjenningar for å driva servering- og skjenkestaden skal til ei kvar tid føreliggja.

I medhald av alkohollova §§ 1-4b, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 3-1 2. ledd og 3-7 forlenger kommunestyret salsløyva som vart gjevne i førre kommunestyreperiode. Vilkår og spesifikasjonar er gjevne her:

#### **Coop Hordaland (org. nr. 982594421)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Coop Ekstra, Manger.
4. Styrar for løyvet er Bjarne A. Larsen med Kjersti Kartveit som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

#### **Bunnpris Austmarka AS (org. nr. 915159508)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Bunnpris Austmarka AS.
4. Styrar for løyvet er Christian Næss med May Sissel Hospdal som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikke* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.

7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

**Tore Nesse AS/Rema 1000 (org. nr. 980017206)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Rema 1000, Manger.
4. Styrar for løyvet er Tore Lie Nesse med Evy Borge som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikk* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

**Bøvågen Mat AS (org. nr. 985297908)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Bøvågen Mat AS.
4. Styrar for løyvet er Frode Myking med Kari Valdersnes Marøy som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikk* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.

**Sletta Handel As (org. nr. 960412192)**

1. Salsløyvet gjeld all alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
2. Skjenkeløyvet gjeld frå 1.10.2016 til 30.06 2020.
3. Løyvet gjeld på utsalstaden Sletta handel As.
4. Styrar for løyvet er Vibece Pletten Aasgard med Claus Pletten som stedfortredar.
5. Løyvehavar og styrar for løyvet pliktar å sjå til at alkohollova sine føresegner vert følgte.
6. Salstida gitt i *Forskrift om sal, skjenking og opningstider for alkoholhaldig drikk* vedteken av kommunestyret i Radøy kommune september 2016, skal følgjast.
7. Verksemda må til ei kvar tid vera godkjent av mattilsynet og branntilsynet.



# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
066/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016
045/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	15/148	16/10552

### Etablering av nytt selskap for hamnesamarbeid i bergensregionen og avvikling av dagens Bergen og Omland havnevesen (BOH)

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Kommunestyret i dei elleve medlemskommunane i BOH har gjort prinsippvedtak om at BOH skal løysast opp under visse føresetnader. Det er utarbeidd ein intensjonsavtale for eit nytt hamneselskap, som etter planen skal vera operativt frå 1. januar 2017. På eit ordførarmøte 17.06.2016 vart «Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Hamnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid» signert av samtlege ordførarar.

##### Dei mest sentrale punkta i Intensjonsavtalen og vedtektene er:

- Oppretta eit nytt hamneselskap i form av eit aksjeselskap.
- Samtlege av dagens samarbeidskommunar vert eigarar med ulik eigardel, men der Bergen kommune og omlandskommunane eig 50 % kvar av aksjane i selskapet.
- Formålet med selskapet er å ivareta/samordna hamneoppgåver i eigarkommunane sitt hamnefarvatn, i dette ligg å arbeida for å utvikla hamnene i regionen som attraktive hamner i regional, nasjonal og internasjonal samanheng.
- Ved selskapsetableringa vil det verta skote inn aksjekapital på MNOK 5 frå Bergen kommune og til saman MNOK 5 frå omlandskommunane.
- Selskapet vil bli tilført verdiar frå hamnekapitalen i Bergen kommune med MNOK 540. Ein monaleg del av hamnekapitalen vil bli tilordna det nye selskapet i form av anleggsmidlar som hamnerelaterte driftsmidlar og særreigne hamneeigedomar-/innretningar frå dagens BOH.

I denne saka er det lagt det opp til at kommunestyra delegerer til formannskapet å handtera alle forhold knytt til avvikling av dagens BOH og etablering av eit nytt hamneselskap. Når det nye selskapet er stifta, vert det lagt opp til at styret saman med den daglege leiinga, vert ansvarlege for det vidare arbeidet med å få gjennomført dei formelle og praktiske oppgåvene tilknytta reetableringa

av hamneverksemda i det nye selskapet.

Det er lagt stor vekt på å få til ein samarbeidsmodell for det nye hamnesamarbeidet som alle samarbeidskommunane venteleg kan slutta seg til. For den nedsette arbeidsgruppa har det vore viktig å finna gode samarbeidsløysingar på tvers av kommunegrensene innanfor områda der dette er naturleg og til det beste for innbyggerane, næringslivet og samfunnslivet elles.

Det vert stilt forventingar til at eit effektivt og velfungerande hamneselskap vil styrka regionen si vidare utvikling og attraktivitet både når det gjeld busetnad, næringsliv og nyetableringar.

### **Selskapsvedtekter for det nye hamneselskapet**

I tillegg til intensjonsavtalen er det blitt utarbeidd forslag til vedtekter for det nye selskapet, jf. Vedlegg. Desse vedtektene er kortare og enklare enn dagens vedtekter i BOH, sidan aksjelova har omfattande reglar som avklarar dei fleste forhold av verd, også forholdet mellom selskapsorgana. Formålsparagrafen i selskapsvedtektene er også inntatt i intensjonsavtalen i sin heilskap, jf. nærmare kommentarar i pkt. 4 – selskapet sitt formål.

### **Fordeling av eigarskap og innskoten aksjekapital:**

Det nye hamneselskapet har 50 prosent A-aksjar og 50 prosent B-aksjar. Omlandskommunane skal ha hand om A-aksjane og Bergen kommune skal eiga B-aksjane. Intensjonsavtalen legg opp til at både Bergen kommune og omlandskommunane skal ha fire styremedlemer, og at Bergen kommune også kan velja kven som skal vera styreleiar.

Den nedsette arbeidsgruppa har lagt følgjande vekting til grunn ved utrekninga av omlandskommunane sin innbyrdes eigardel av A-aksjane i selskapet:

- 1/3 vekting etter felles basis
- 1/3 vekting knytt til folketal pr. mai 2016
- 1/3 vekting knytt til anløpsavgifter i 2012-2015

Kommune	% andel
Lindås	16
Fjell	11
Øygarden	8
Askøy	5
Os	5
Meland	1
Radøy	1
Sund	1
Austrheim	1
Fedje	1
Sum	50

Det nye hamneselskapet vil få ein aksjekapital på i alt 10 millionar kroner, fordelt på like stor sum på Bergen kommune og omlandskommunane. Radøy kommune har ein prosent av omlandskommunane

sine 50 andelar og må dermed inn med ein aksjekapital på 50.000 kroner.

### **Innløysing og oppløysing**

I § 9 i selskapsvedtektene vert det slått fast dei einskilde aksjeeigarane sin rett til å gå ut av selskapet, og korleis aksjeposten til ein eigarkommune som evt. vel å tre ut av selskapet skal handterast, jf. også siste avsnitt under pkt. 5 - *Aksjekapital og aksjeklasser*. Merk at den einskilde eigarkommune, ved ei eventuell oppløysing av selskapet, har rett til å kjøpa kaianlegg og annan fast infrastruktur som ligg i eigen kommune, men til marknadspris. Denne føresegna har parallellar til dagens vedtekter i BOH, nemleg § 15 *Oppløysning*.

### **Tilsette**

I fleire ordførarmøte har det vore peikt på at det er viktig å ha stor merksemd knytt til å ta vare på dei tilsette på ein trygg og god måte ved restruktureringa av hamnesamarbeidet i BOH.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Radøy kommune godkjenner «Intensjonsavtalen av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid – datert 17.06.2016.
2. Formannskapet får fullmakt til å stifte det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeidskommunane.
3. Formannskapet får fullmakt til å avvikla BOH når eit nytt selskap for den framtidige hamneverksemda er etablert i samsvar med pkt 2.
4. Radøy kommune skyt inn aksjekapital kr 50.000 i det nye hamneselskapet. Kjøp av aksjane skal først i investeringsrekneskapen, og verdien vert ført i balansen som anleggsmidlar.

Finansiering ved bruk av disposisjonsfond kr 50.000,-.

### **Formannskapet i Radøy - 066/2016**

#### **FS - handsaming:**

På grunn av vervet som leiar i hamnerådet i BOH sa ordførar Jon Askeland seg inhabil i saka. Han deltok difor ikkje i handsaminga, og varaordførar Jostein Borlaug var møteleiar i denne saka.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### **FS - vedtak:**

1. Radøy kommune godkjenner «Intensjonsavtalen av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid – datert 17.06.2016.
2. Formannskapet får fullmakt til å stifte det nye hamneselskapet saman med dei øvrige samarbeidskommunane.
3. Formannskapet får fullmakt til å avvikla BOH når eit nytt selskap for den framtidige

hamneverksemda er etablert i samsvar med pkt 2.

4. Radøy kommune skyt inn aksjekapital kr 50.000 i det nye hamneselskapet.  
Kjøp av aksjane skal førast i investeringsrekneskapen, og verdien vert ført i balansen som anleggsmidlar.  
Finansiering ved bruk av disposisjonsfond kr 50.000,-.

**Vedlegg:**

HAMNESELSKAP - Intensjonsavtale

Havneselskapet AS\_utkast til vedtekter

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
065/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016
046/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	15/1065	16/10576

### Budsjettregulering september 2016

#### Saksopplysingar:

Rådmannen legg med dette fram sak om regulering av budsjett for 2016, men vil samstundes varsle at det vil koma ytterlegare ei regulering i løpet av 2016.

**Skatteinngangen** i 2016 har vore svak for Radøy sin del, og budsjettert skatteinngang må no tilpassast faktisk inngang. Pr 31.7.2016 er skatteinngangen om lag kr 826.000 svakare enn på same tid i fjor, ein svikt på 1,2%. På landsplan er det på same tidspunkt ein vekst i skatteinngangen 7,6% for kommunane. For juli månad isolert var skatteinngangen for Radøy 3,3% svakare enn i fjor, medan landet samla sett hadde ein auke på 5,4%.

I budsjettet for 2016 var det lagt til grunn ein skattevekst på 7,4%, i samsvar med KS sin inntektsmodell.

Rådmannen legg no til grunn at den samla skatteinngangen vert om lag kr 10,871 mill svakare enn budsjettert. Redusert skatteinngang fører til auka inntekstutjamning med om lag 10,792 mill. Netto «tap» som følgje av svak skatteinngang vert såleis berre ca kr 79.000.

Ein prognose for **renteinntekter** og **rentekostnader** syner trong for nokre mindre justeringar. Renteinntekter av startlån vert om lag kr 56.000 lågare enn budsjett. Renteinntekter av bankinnskot vert derimot noko høgare enn føresett, om lag kr 250.000. Dette skuldast først og fremst eit forsiktig anslag i opprinneleg budsjett.

Kommunalbanken har varsle ein auke på 0,15% i lånerenta frå 22.8.2016. Årsaka er at pengemarknadsrenta har gått noko opp i den seinare tid. Estimert verknad på rentekostnaden for 2016 vert kr 75.000.

I samband med revidert nasjonalbudsjett i mai, fekk Radøy kommune tildelt kr 722.000 i tiltaksmidlar, som skal nyttast til **kommunale vedlikehaldsprosjekt**. Midlane skal nyttast til kjøp av tenester frå eksterne, og kan ikkje nyttast til tiltak utført av kommunalt tilsette. Tilsvarende midlar vert løyvde til teknisk drift og forvaltning, og skal nyttast til tiltak som elles ikkje hadde vorte sett i verk i 2016. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet i samsvar med kvar midlane faktisk vert nytta.

I juli vart det etablert asylmottak på Radøy, og som vertskommune for asylmottak, får Radøy kommune **vertskommunetilskot**. Dette tilskotet skal dekke dei gjennomsnittlege kostnadene knytt til det å ha eit mottak, ut frå storleiken på mottaket. Tilskotet skal setja kommunane i stand til å tilpassa tenesteapparatet i tråd med oppgåvene som skal løysast. Røynsle frå andre kommunar med asylmottak, er at kostnadene ved å ha mottak er like høge som tilskotet. I den grad det i periodar er færre asylsøkjjarar enn talet på plassar i mottaket, kan kostnadene vera lågare enn tilskotet. For 2016 vert tilskotet kr 882.000, rekna ut frå eit basistilskot på om lag kr 608.000 pr år, og eit tilskot pr plass på kr 9.335,- pr år. Mogelege ekstra tilskot til særlege grupper kjem utanom denne summen. Heile tilskotet vert inntektsført som frie inntekter i skjema 1A.

Det er førebels vanskeleg å vurdera nøyaktig kva ekstra kostnader Radøy kommune vil få som følgje av asylmottaket. Rådmannen rår difor til at helse og omsorg får løyvd 60% av pårekna kostnader, oppvekst får 30% og drift og forvaltning 10%.

Radøy kommune har fått **ekstra statstilskot til barnevernet** sidan 2012. Fylkesmannen i Hordaland har kontrollert tilskotet for 2015, og funne at Radøy kommune har fått for mykje tilskot i 2015. Dette vert trekt tilbake i 2016, og vi vil såleis få om lag kr 40.000 mindre i statstilskot i 2016 enn budsjettert. Budsjettet må difor justerast ned tilsvarande.

Kommunestyret har løyvd midlar til **Kulturdagane** 2016. Midlane er løyvd til Drift og forvaltning, men det har også kome litt kostnader på Radøy musikk- og kulturskule, som ligg under oppvekst. Rådmannen ber om at kr 5.000 vert flytta frå Drift og forvaltning til Oppvekst.

Dette gir følgjande forenkla skjema 1A og 1B

<b>Budsjettregulering september 2016</b>			
	<b>Budsjett 2016 regulert</b>	<b>Budsjett- regulering</b>	<b>Prognose regulert</b>
<b>Ramme for drifta (skjema 1a)</b>			
Skatt på inntekt og formue	122 257 000	-10 871 000	111 386 000
Rammetilskot	148 523 000	10 792 000	159 315 000
Eigedomsskatt	12 331 000		12 331 000
Generelle statstilskot	9 440 000	1 604 000	11 044 000
Renteinntekter og utbytte	3 713 000	194 000	3 907 000
Renteutgifter	5 482 000	75 000	5 557 000
Avdragsutgifter	8 200 000		8 200 000
<b>Sum frie inntekter før fondsbruk</b>	<b>282 582 000</b>	<b>1 644 000</b>	<b>284 226 000</b>
<b>Drift (skjema 1b)</b>			
Stab og fellestenester	18 119 849		18 119 849
Oppvekst	107 779 821	270 000	108 049 821
Helse og omsorg	125 757 318	569 000	126 326 318
Drift og forvaltning	27 421 868	805 000	28 226 868
<b>Sum drift</b>	<b>279 078 856</b>	<b>1 644 000</b>	<b>280 722 856</b>
<b>Netto</b>	<b>3 503 144</b>	<b>-</b>	<b>3 503 144</b>

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Budsjett 2016 vert regulering i samsvar med følgjande forenkla skjema 1A og 1B:**

<b>Budsjettregulering september 2016</b>			
<b>Ramme for drifta (skjema 1a)</b>	<b>Budsjett 2016 regulert</b>	<b>Budsjett-regulering</b>	<b>Prognose regulert</b>
Skatt på inntekt og formue	122 257 000	-10 871 000	111 386 000
Rammetilskot	148 523 000	10 792 000	159 315 000
Eigedomsskatt	12 331 000		12 331 000
Generelle statstilskot	9 440 000	1 604 000	11 044 000
Renteinntekter og utbytte	3 713 000	194 000	3 907 000
Renteutgifter	5 482 000	75 000	5 557 000
Avdragsutgifter	8 200 000		8 200 000
<b>Sum frie inntekter før fondsbruk</b>	<b>282 582 000</b>	<b>1 644 000</b>	<b>284 226 000</b>
<b>Drift (skjema 1b)</b>			
Stab og fellestenester	18 119 849		18 119 849
Oppvekst	107 779 821	270 000	108 049 821
Helse og omsorg	125 757 318	569 000	126 326 318
Drift og forvaltning	27 421 868	805 000	28 226 868
<b>Sum drift</b>	<b>279 078 856</b>	<b>1 644 000</b>	<b>280 722 856</b>
<b>Netto</b>	<b>3 503 144</b>	<b>-</b>	<b>3 503 144</b>

### Formannskapet i Radøy - 065/2016

#### FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### FS - vedtak:

Budsjett 2016 vert regulering i samsvar med følgjande forenkla skjema 1A og 1B:

<b>Budsjettregulering september 2016</b>			
<b>Ramme for drifta (skjema 1a)</b>	<b>Budsjett 2016 regulert</b>	<b>Budsjett-regulering</b>	<b>Prognose regulert</b>
Skatt på inntekt og formue	122 257 000	-10 871 000	111 386 000
Rammetilskot	148 523 000	10 792 000	159 315 000
Eigedomsskatt	12 331 000		12 331 000
Generelle statstilskot	9 440 000	1 604 000	11 044 000
Renteinntekter og utbytte	3 713 000	194 000	3 907 000
Renteutgifter	5 482 000	75 000	5 557 000
Avdragsutgifter	8 200 000		8 200 000
<b>Sum frie inntekter før fondsbruk</b>	<b>282 582 000</b>	<b>1 644 000</b>	<b>284 226 000</b>
<b>Drift (skjema 1b)</b>			
Stab og fellestenester	18 119 849		18 119 849
Oppvekst	107 779 821	270 000	108 049 821
Helse og omsorg	125 757 318	569 000	126 326 318
Drift og forvaltning	27 421 868	805 000	28 226 868
<b>Sum drift</b>	<b>279 078 856</b>	<b>1 644 000</b>	<b>280 722 856</b>
<b>Netto</b>	<b>3 503 144</b>	<b>-</b>	<b>3 503 144</b>

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
047/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	16/1600	16/11679

## Etablering av førebuande fellesnemnd

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Kommunane Radøy, Meland og Lindås gjorde følgjande vedtak i respektive kommunestyre 22. juni 2016:

1. *Kommunestyret godkjenner framlegget til søknad om å slå saman kommunane Lindås, Meland og Radøy (vedlegg 1).*
2. *Kommunestyret godkjenner forhandlingsutvalet sin intensjonsavtale (vedlegg 2) som grunnlag for samanslåing av kommunane Lindås, Meland og Radøy.*

I kapittel 11 «Vegen vidare» i intensjonsavtalen står det mellom anna:

«For å sikra framdrift i prosessen etter vedtaket i juni vil Forhandlingsutvalet arbeida med å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til Fellesnemnd er valt (jf. Inndelingslova). Arbeidstakarane skal velja ein representant frå kvar kommune som skal delta i Forhandlingsutvalet.»

Det er med andre ord føresett i intensjonsavtalen at forhandlingsutvalet skulle fungera fram til fellesnemnda var oppretta.

Det er i etterkant av vedtaket kome ønskje frå ordførarane i samråd med Fylkesmannen at det vidare arbeidet med kommunesamanslåinga bør skje innanfor rammene for fellesnemnd som er gitt i Inndelingslova.

Forhandlingsutvala frå dei tre kommunane hadde eit møte onsdag 7. september der det vart gjort slikt vedtak:

1. *«Forhandlingsutvalet avsluttar arbeidet med kommunereforma.*
2. *Forhandlingsutvalet ber kommunestyra oppretta ei førebels fellesnemnd som overtek arbeidet som etter intensjonsavtalen er lagt til forhandlingsutvalet.*
3. *Kvar kommune vert beden om å førebu arbeidet med å velja representantar til førebels fellesnemnd. Denne bør ha same samansetning som endeleg fellesnemnd.»*



I møtet vart kommunane samde om å koma tilbake til kommunestyra med sak om mandat og framdriftsplan for «Førebuande fellesnemnd» etter at dette har vore oppe til drøfting i nemnda.

Fellesnemnda skal etter intensjonsavtalen kapittel 11 ha følgjande samansetning:

«Når Stortinget har fatta vedtak om at kommunar kan slå seg saman skal det opprettast ei Fellesnemnd (Inndelingslova § 26). Fellesnemnda for Nordhordland kommune skal ha 21 medlemmar, med 5 frå Radøy, 6 frå Meland og 10 frå Lindås. Det skal også veljast varamedlemmer til nemnda.»

Dei tilsette sine rettar vert etter same kapittel i intensjonsavtalen ivareteke av eit partsamansett utval:

«Det vert oppretta eit partsamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet skal bestå av fellesnemnda sine medlemmer og to arbeidstakarrepresentantar frå kvar kommune. Desse skal peikast ut av dei tilsette sine organisasjonar.»

Det vert og lagt opp til ei felles samling for kommunestyra i dei tre kommunane Meland, Lindås og Radøy, torsdag 27. oktober. Dette for å markera vedtaket om å byggja ny kommune. Det vert ikkje lagt opp til handsaming av konkrete saker på denne samlinga. Programmet er ikkje klart, men vil bestå av faglege innlegg, kulturelle innslag og matsservering.

### **Vurdering**

Forhandlingsutvalet har avslutta sitt arbeid med intensjonsavtalen. Det har resultert i ein søknad frå Radøy, Meland og Lindås om å slå kommunane saman. Dette har vore ein heilskapleg prosess som har vore styrt på same måte gjennom heile prosessen.

Kommunesamanslåinga går no over i ein ny fase der ein skal starta arbeidet med å byggja den nye kommunen. Det vil vera ein fordel for denne prosessen om den kan verta styrt av det same politiske organet og etter same prinsipp i heile denne fasen.

Det er store prinsipielle forskjellar på korleis prosessen vert styrt gjennom forhandlingsutvala, og korleis prosessen vert styrt gjennom fellesnemnda. Forhandlingsutvala opptre på vegne av kvar einskild kommune og må tilbake til eigen kommune for å forankra og gjera endelege vedtak. Fellesnemnda vil ha ei ståanda fullmakt gjennom eit felles reglement, vedtatt av kvar einskild kommune, og kan til ei kvar tid ta avgjerder innanfor denne fullmakta. Fellesnemnda tar prinsipielt avgjerder på vegne av den nye kommunen som ein heilskap, og ikkje for kvar einskild kommune. Forhandlingsutvala har fungert godt når målet i prosessen har vore å koma fram til ein felles intensjonsavtale for dei tre kommunane.

Kommunestyra i dei tre kommunane kan gi dei same fullmaktene til ei førebels fellesnemnd som Inndelingslova gir den endelege fellesnemnda. Dette inneber at fellesnemnda kan driva sitt arbeid uavhengig om fullmaktene kjem frå kommunestyra direkte eller gjennom forankringa i Inndelingslova.

Kommunestyra bør gi den førebelse fellesnemnda dei same fullmaktene og arbeidsoppgåvene som er omtala i Inndelingslova § 26. Vidare bør kommunestyra vurdera kva andre fullmakter og oppgåver ein ønskjer å delegera gjennom eit eige reglement. (Inndelingslova § 26 4. ledd: «Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga.»)

Det er allereie gitt føringar for oppretting av fellesnemnda i intensjonsavtalen, og desse må leggest til grunn også for etablering av den førebelse fellesnemnda. Val til førebude fellesnemnd følgjer

reglane i kommunelova. Viser spesielt til § 35, 4. ledd om avtaleval eller forholdsval og reglane om kjønnsbalanse.

I intensjonsavtalen står det ikkje noko om at varamedlemmene skal vera personlege. Dersom ein skal følgja vanleg praksis for varamedlemmer vil dette vera naturleg også her. Rådmannen legg difor til grunn at varamedlemmene er personlege.

### **Konklusjon**

Kommunestyret i Radøy oppnemner ei «Førebuande fellesnemnd», slik at prosessen med å byggja ny kommune kan koma i gang allereie no i haust. Arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som vert vedteke i dei tre kommunestyra i eit seinare møte.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek å etablera ei «Førebuande fellesnemnd» som skal starta arbeidet med å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane fram til den formelle Fellesnemnda er oppnemnd i samsvar med Inndelingslova.

«Førebuande fellesnemnd» vert vald av kommunestyret sine representantar i dei tre kommunane Lindås, Meland og Radøy og får slik samansetjing:

Frå Lindås kommune: 10 representantar + 10 personlege varamedlemmar

Frå Meland kommune: 6 representantar + 6 personlege varamedlemmar

Frå Radøy kommune: 5 representantar + 5 personlege varamedlemmar

Følgjande medlemmar vert valde frå Radøy kommune:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Følgjande vert valde som personlege varamedlemmer:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Tillitsvalde i Radøy kommune vel to medlemmar til partsamansett utval.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
072/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016
048/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Kjartan Nyhammer	14/2929	16/10607

## Forslag til endring av konsesjonslova, jordlova og lov om odelsretten og odelslova

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

I vår fremja regjeringa endringar i konsesjonslova for Stortinget, deriblant oppheving av priskontrollen. Stortinget vedtok å senda lovforslaget tilbake til regjeringa. Samstundes sende Stortinget med ei bestilling på ei rekke endringar i konsesjonslova, odelslova og jordlova som dei ville ha utgreidd og få opp som ny sak i Stortinget. Det var som følgjande:

1. Avgrensing i beløpsgrense og arealgrense for praktisering av priskontroll fastsetjast i eiga forskrift?
2. Heva arealgrensa for konsesjonsplikt og odlingsjord frå 25 til 35 dekar full- og overflatedyrka jord.
3. Oppheving av priskontroll på skogen, både på reine skogeigedomar men også der skogen er i kombinasjon med jordbrukasareal.
4. Korleis kan produktive jord- og skogbruksareal overdragast som tilleggsjord til naboeigedomar utan at det skal vera naudsynt med samtykke til deling eller konsesjon.

Endringsforslaga frå landbruks- og matdepartementet ligg no føre i eit fyldig høyringsnotat på 92 sider.

Parallelt med dette har Landbruks- og matdepartementet gjeve Landbruksdirektoraret i oppdrag å utgreia effekten av bruk av leigejord og om det bør vera større samsvar mellom eigar og brukar, samt utgreia praktiseringa og effekten av driveplikta. Bestillinga er besvart i rapporten «*Leiejord – avgjørende for økt norsk matproduksjon*». Som ei oppfølging av konklusjonen i rapporten foreslår departementet

5. endringar i reglane om driveplikt etter jordlova.

I same høyringsnotat vert det framja

6. enkelte endringar i jordlova sine bestemmelsar om deling av landbrukseigedom.

### **Nærare omtale av kvart endringpunkt med ei vurdering ved rådmannen :**

#### **1. Avgrensing i beløps- og arealgrense for praktisering av priskontroll fastsetjast i eiga forskrift.**

«Stortinget ber regjeringen foreta en vurdering av om avgrensningen av beløpsgrenser og arealgrenser for praktisering av priskontroll bør fastsettes i en forskrift, og ber i tilfelle regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om å innføre en slik forskriftshjemmel i konsesjonsloven»

Departementet foreslår i tråd med Stortinget sitt ynskje ein heimel for forskrift i konsesjonslova slik at beløpsgrensa vert fastsett i forskrift og ikkje i rundskriv. Departementet meiner derimot at arealgrenser bør lovfestast.

#### **Rådmannen si vurdering :**

Nye rundskriv vert produsert i tråd med nye politiske vindar i regjeringa der det vert lagt føringar for korleis lovverket skal tolkast. Rundskriva er ikkje forankra hjå fleirtalet i Stortinget og har ikkje vore ute på høyring. Det har me sett fleire døme på i gjeldande stortingsperiode, t.d kan nemnast rundskrivet frå departementet rundt prisfastsetting, der dei oppfordra til å sjå vekk frå priskontrollen. Å endra lova og forskrifter krev grundigare prosessar der fleire høyringsinstansar vert involvert.

Rådmannen støttar departementet sitt forslag.

#### **2. Heva arealgrensa for konsesjonsplikt og odlingsjord frå 25 til 35 dekar full- og overflatedyrka jord.**

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om nødvendig lovendring om å heve arealgrensene for konsesjonsplikt ved erverv av bebygd eigedom og lovbestemt boplikt til 35 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord. Stortinget bed regjeringen komme tilbake til Stortinget med at arealgrensen endres tilsvarende for odlingsjord etter odelsloven §2»

Departementet foreslår i tråd med Stortingets ynskje å heva arealgrensene for konsesjonsplikt ved erverv av bebygd eigedom og lovbestemt buplikt frå 25 til 35 dekar fulldyrka og overflatedyrka jord. Tilsvarende for odlingsjord.

#### **Rådmannen si vurdering:**

Radøy kommune har ein del bebygde landbrukseigedomar i intervallet 25 – 35 dekar full- og overflatedyrka jord og som såleis vert fritেকে frå buplikt og odelsrett. Storparten av desse eigedomane har meir enn 100 dekar totalareal og vil såleis framleis vera hefta med konsesjonsplikt. I dag er konsesjonspliktige eigedomar med kjøpesum over 3,5 mill kr underlagt priskontroll.

Forslaget vil medføra at nokre ytterst få landbrukseigedomar på Radøy vert fritেকে frå konsesjonsplikta. Derimot vert ein god del landbrukseigedomar no fritেকে frå buplikta og odelsretten.

Ser ein stort på det så er ikkje Radøy ein fråflyttingstruga kommune. Folketalet er stabilt. Konesjonssaker som har kome inn til både Radøy, Austrheim og Lindås i det siste har vore bruk med under 25 dekar fulldyrka- og overflatedyrka jord, og såleis utan buplikt, men søkjarane har kjøpt for å nytta eigedomen til bustadføremål og driva landbruk. Dei vanskelege bupliktsakene har vore overdragingar innan familien og der den nye generasjon ikkje ynskjer å busetta seg på eller ved garden, men dei ynskjer å behalda eigedomen i familien. Her er det nok nokre som no kan gjennomføre eigedomsoverdraginga på ein enklare måte, både med tanke på buplikta, men også for dei som ynskjer å unngå uavklarte odelstvistar.

Ein stor andel av jordbruksarealet i Radøy og resten av Nordhordland er leigejord. For å sikra ei berekraftig drift på areala over tid er det ynskjeleg at den som driv i større grad også eig. Bupliktkravet kan vere ein motivasjon for å fremja dette. Folk som ikkje ynskjer å busetja seg på eigedomen deler ifrå eit romsleg tun og sel resten som tilleggsjord til nabobruk.

For å sikra seg at landbrukseigedomar i minst mogleg grad vert nytta til fritidsbustad og for å oppretthalda busetnaden i fråflyttingstruga grender /kommunar tilrår Radøy at arealgrensa ikkje vert heva frå 25 til 35 dekar. Det å ha mange mørklagte tun i bygda i vinterhalvåret gjer noko med eit bygdemiljø.

### **3. Oppheving av priskontroll på skog**

Departementet foreslår å oppretthalde priskontroll på skog på eigedomar med både jordbruksareal og skog då det i praksis vil vere uråd å halde delar av eigedomen utanfor priskontrollen. Dette gjeld både bebygde og ubebygde eigedomar. På reine skogeigedomar, både bebygde og ubebygd, vert priskontrollen fjerna.

#### Rådmannen si vurdering:

I dag er det priskontroll på skog i følgjande tilfeller

- Ubebygd skogeigedom
- Bebygd eigedom med meir enn 500 dekar skog\*
- Bebygd eigedom med meir enn 25 dekar full- og overflatedyrka mark og skog \*

\*Unntak ved kjøpesum under kr 3 500 000,-

Formålet med endringa er å auka omsetnaden av skogareal slik at det vert færre, større og meir rasjonelle eigedomar hjå aktive skogeigara som ynskjer å driva eit aktivt skogbruk. Dei store samanhengande og produktive skogareala i landet ligg på Austlandet og delar av Sørlandet. Truleg vil forslaget ha liten betydning for skogbruket på Vestlandet. Her på Vestlandet må det gjerast eit haldnings- og informasjonsarbeid for å auka grunneigarane si interesse for skogbruket. Granplanting på ueigna stader må ta ein del av skulda for dette.

Rådmannen støttar forslaget.

### **4. Korleis kan produktive jord- og skogbruksareal overdragast som tilleggsjord til naboeigedomar utan at det skal vera naudsynt med samtykke til deling etter jordlova eller**

## **konsesjon.**

Stortingets formål med dette punktet er å stimulere til sal av tilleggsjord og –skog, og gjere det enklere for den som ynskjer å kjøpe tilleggsjord eller –skog.

Departementet foreslår forenklingane/unntaksregelen i tråd med Stortinget sitt ynskje, men foreslår nokre krav til kjøpar, seljar og eigedomane deira :

- Kjøpar må oppfylle driveplikta på eigedomen sin og ha ein eigedom med meir enn 5 dekar eigd jordbruksareal og/eller 25 dekar produktiv skog.
- Kjøpar må ha drive den aktuelle eigedomen i minst 5 år og ha skriftleg kontrakt på det.
- Seljar må selja heile eigedomen eller vert sitjaande igjen med tunet med bygningsmassen der. Maks 5 dekar. Består eigedomen av to tun gjeld unntaksregelen berre det eine tunet.

Departementet foreslår å ta unntaksreglane inn i både jordlova (deling) og konsesjonslova.

### Rådmannen si vurdering :

Færre og større landbrukseigedomar er ein styrke for dei som har yrket sitt i landbruket. Å eiga jorda framfor å leige gjev forutsigbarheit. Utfordringa er i mange tilfeller å skaffa kapital til å kjøpa. Forslaget til departementet er ei forenkling av byråkratiet rundt prosessen med kjøp av tilleggsjord samstundes som det legg begrensingar på omfanget av areal som seljar kan behalda viss ein ynskjer å forenkla saksbehandlinga.

Rådmannen støttar forslaget.

## **5. Endringar i reglane om driveplikt etter jordlova.**

Det er driveplikt på alt jordbruksareal, enten ved å drive arealet sjølv eller ved bortleige som tilleggsjord til bruk i drift jfr lordloven §8. Leigeavtale skal vere skriftleg og ha 10 års varighet. Avtale skal godkjennast av kommunen som skal sjå til at ein oppnår ei driftsmessig god løysing. Dersom eigar av ein landbrukseigedom ikkje overheld driveplikta si har kommunen sanksjonsmuligheter – pålegg om bortleige eller tilplanting med skog eller at det skal gjerast tiltak av omsyn til kulturlandskapet. Dersom pålegg ikkje vert etterkomne kan kommunen gjere avtale om bortleige av heile eller delar av arealet på inntil 10 år.

Det er ikkje lett å handheva driveplikta. Kva som skal til for at arealet er i drift er ei subjektiv oppfatning med ei brei gråson. Vêrtilhøva, grøftetilstand, artssamansetning og dyretal er variablar som påverkar utsjåande på eng og beite.

Departementet har merka seg at det vert inngått få leigeavtaler og at handheving av driveplikta er ei vanskeleg og ressurskrevjande sak for kommunane.

### Departementet foreslår følgjande endringar:

- Oppheva kravet om 10 års varighet på leigeavtale
- Oppheva kravet om bortleigd jord vert nytta som tilleggsjord
- Oppheva kravet om driftsmessig god løysing

- Begrensa sanksjonmuligheit til tvangsgebyr

#### Rådmannen si vurdering :

Det er rett at det er mange som ikkje har 10-årige avtalar, slik som lova tilseier. I mange tilfeller er det fordi ingen av partane ynskjer å binda seg for 10 år. Fleire avtalar hadde heilt sikkert vorte inngått viss kommunen hadde sett av ressursar til ei oppfølging / kontroll rundt dette.

Kvaliteten på arealet hadde truleg vore betre viss leigetakar hadde langsiktig skriftleg avtale. Då er det økonomisk forsvarleg å investera i fornying av grøfter og eventuelt gjerder. Dette er normalt eit krav frå utleigar dersom slikt må gjerast og det er som oftast ynskjeleg frå eigar si side at eigeodomen vert drive på ein god måte.

Innovasjon Norge (IN) stiller krav om 10-årige leigeavtalar på leigejorda når aktive bønder ynskjer å byggja ny eller større driftsbygning og søker tilskot hjå IN. Det har vore eit problem å få dette til i mange saker i dag, trass kommunane sin muligheit å pålegga utleigar 10 års skriftleg avtale. Det kan oppstå ei forskyving av «maktbalanse» viss kravet til utleigar vert fjerna medan leigetakar er avhengig av avtalar for å få naudsynte tilskot frå IN.

Kommunane har heilt klart eit stort forbettringspotensiale i å handheva kravet om 10-årige leigeavtalar, men trass det meiner Radøy kommune at kravet om 10 års leigeavtale bør bestå som krav ved bortleige.

Dei øvrige foreslåtte endringar har ein ingen merknad til. Det at leigetakar ikkje har anna jordbruksjord kan vera ei god løysing for at interesserte folk utan gard kan koma inn i næringa.

#### **Enkelte endringar i jordlova sine bestemmelsar om deling av landbrukseigedom.**

Departementet foreslår å fjerna kravet til jordlovsbehandling ved frådeling av tomtar under 2 dekar forutsett at tomten skal nyttast til :

- Bustad, fritidseigedom eller naust
- Ikkje består av jordbruksareal og er ubebygde

#### Rådmannen si vurdering :

Forslaget vil forenkla sakshandsaminga i ein del saker og det vil gå kortare tid frå søknad til endeleg svar. Dersom lovendringa vert gjennomført er det samstundes viktig at dette med driftsmessige ulemper vert tatt med i vurderinga etter plan- og bygningslova. Ein fare her er at sakshandsamar ikkje har innsikt i landbruk og evnar og setja seg inn i dei eventuelle langsiktige konsekvensar ei deling kan påføra gardsdrifta.

Søknader om deling som ikkje let seg realisera vil i mange tilfeller verta avslått allereie ved jordlovshandsaming og relativt lågt sakshandsamingsgebyr. Vert forslaget innført vil storparten av søknadane gå rett til dispensasjonsbehandling med dertil høgt sakshandsamingsgebyr.

Her kan bli mange «konstruktive» tomtegrenser for å unngå å dyrka jord og dermed jordlovsbehandling.

Radøy kommune ser både fordeler og ulemper med forslaget, men vel å rå i frå forslaget.

## **Konklusjon :**

1. Rådmannen støttar at avgrensing i beløpsgrense knytt til priskontroll vert fastsett i eiga forskrift og at arealgrense for priskontroll vert teke inn i konsesjonslova.
2. Rådmannen frårår å heva arealgrensa for konsesjonskrav, odelsrett og buplikt frå 25 til 35 dekar full- og overflatedyrka jord.
3. Rådmannen støttar forslaget om oppheving av kravet om priskontroll på reine skogeigedomar og å oppretthalda kravet på eigedomar med skog og meir jordbruksareal enn konsesjonsgrensa (25/35 dekar full- eller overflatedyrka jord).
4. Rådmannen støttar departementet sitt forslag til forenklingar knytt til overdraging av eigedom/areal som tilleggsjord til naboeigedom.
5. Rådmannen støttar departementet sine forslag til endring i driveplikta, forutan å fjerna kravet om 10 års leigeavtale for å oppfylle driveplikta ved bortleige.
6. Rådmannen frårår departementet sitt forslag om endringar knytt til deling av landbrukseigedom etter jordlova.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune syner til Landbruks- og matdepartementet sitt høyringsnotat «Forslag til endring av lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv., lov om jord (jordlova) og lov om odelsretten og åsetesretten (odelslova) dagsett 27.juni 2016, og har følgjande uttale:

Radøy kommune:

- støttar at avgrensing i beløpsgrense knytt til priskontroll vert fastsett i eige forskrift og at arealgrense for priskontroll vert teke inn i konsesjonslova.
- frårår å heva arealgrensa for konsesjonskrav, odelsrett og buplikt frå 25 til 35 dekar full- og overflatedyrka jord.
- støttar forslaget om oppheving av kravet om priskontroll på reine skogeigedomar og å oppretthalda kravet på eigedomar med skog og meir jordbruksareal enn konsesjonsgrensa (25/35 dekar full- eller overflatedyrka jord).
- støttar departementet sitt forslag til forenklingar knytta til overdraging av eigedom/areal som tilleggsjord til naboeigedom.
- støttar departementet sine forslag til endring i driveplikta, forutan å fjerna kravet om 10 års leigeavtale for å oppfylle driveplikta ved bortleige.
- frårår departementet sitt forslag om endringar knytt til deling av landbrukseigedom etter jordlova.

## **Formannskapet i Radøy - 072/2016**

### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

### **FS - vedtak:**

Radøy kommune syner til Landbruks- og matdepartementet sitt høyringsnotat «Forslag til endring av lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonsloven) mv., lov om jord (jordlova) og lov om odelsretten og åsetesretten (odelslova) dagsett 27.juni 2016, og har følgjande uttale:

Radøy kommune:

- støttar at avgrensing i beløpsgrense knytt til priskontroll vert fastsett i eige forskrift og at arealgrense for priskontroll vert teke inn i konsesjonslova.
- frårår å heva arealgrensa for konsesjonskrav, odelsrett og buplikt frå 25 til 35 dekar full- og



overflatedyrka jord.

- støttar forslaget om oppheving av kravet om priskontroll på reine skogeigedomar og å oppretthalda kravet på eigedomar med skog og meir jordbruksareal enn konsesjonsgrensa (25/35 dekar full- eller overflatedyrka jord).
- støttar departementet sitt forslag til forenklingar knytta til overdraging av eigedom/areal som tilleggsjord til naboeigedom.
- støttar departementet sine forslag til endring i driveplikta, forutan å fjerna kravet om 10 års leigeavtale for å oppfylle driveplikta ved bortleige.
- frårår departementet sitt forslag om endringar knytt til deling av landbrukseigedom etter jordlova.

**Vedlegg:**

Høyring konsesjonslova - jordlova - odelslova

Høyringsnotat\_forslag-til-lov-om-endring-av\_konsesjonslova\_jordlova\_odelslova\_mv

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
071/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016
049/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Sveinung Kvamme	15/2288	16/10151

### Tilbakebetaling av oppteke startlån 2016

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

I budsjettet for 2016 vart det vedteke at Radøy kommune skulle ta opp lån i Husbanken til vidare utlån med kr 3.000.000,-. Lånet vart utbetalt frå Husbanken i april 2016.

I løpet av 2016 har uvanleg mange startlån vorte ekstraordinært innfridde. Pr utgangen av juli er det såleis innfridd lån for kr 3,3 mill. I tillegg vart det overført ca 2 mill frå 2015 til vidare utlån i 2016. Dette gir at det er «disponibelt» ca 7,3 mill til utbetaling av startlån i 2016.

Etterspurnaden etter startlån har vore litt svakare i 2016 enn i 2015. I 2015 vart det totalt handsama 20 søknader. Så langt i 2016 har det vorte handsama elleve søknader. To av desse var innsendt i 2015, men vart av ulike årsaker først ferdig handsama i 2016.

Det er gitt tilsegn om tre nye startlån i 2016, og det er samla utbetalt kr 1 mill.

Ein søknad er under handsaming, medan dei resterande sju har fått avslag. Av desse er fire utanfor målgruppa, dvs søkjarane vert ikkje rekna som varig vanskelegstilte økonomisk. Tre søknader er innafor målgruppa, men har søkt om fullfinansiering ved startlån, noko Radøy kommune ikkje gir.

Det er ikkje råd å meina noko om kor mange søknader det kjem resten av året. Husbanken har etablert ei ordning for å søkja startlån på nett, og dei siste to søknadene har kome via Husbanken si nettside.

Utan å nytta årets lånemidlar frå Husbanken, kan vi låna ut ytterlegare 4,3 mill til startlån i 2016, dvs om lag 10 tilsegner. Til samanlikning vart det i 2014 gitt 12 tilsegner om startlån og i 2015 seks tilsegner.

Samla sett vurderer rådmannen det slik at vi har langt meir midlar tilgjengeleg enn det som trengst i 2016. Rådmannen ønskjer difor å betala attende lånet teke opp i Husbanken i 2016, kr 3.000.000. Tilbakebetaling vert gjort 3.10.2016.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Oppteke lån i Husbanken til vidare utlån i 2016, kr 3.000.000 vert betalt attende til Husbanken 3.10.2016.

**Formannskapet i Radøy - 071/2016**

**FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

**FS - vedtak:**

Oppteke lån i Husbanken til vidare utlån i 2016, kr 3.000.000 vert betalt attende til Husbanken 3.10.2016.

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
073/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016
050/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tore Rikstad	15/1846	16/9768

### Kloakksanering Manger - nytt reinseanlegg

#### Saksopplysingar:

Det vert vist til vedtak i sak 079/2015 i formannskapet, der rådmannen blir beden om å vurdere andre og mindre omfattande alternativ til kloakksanering for Manger.

Med bakgrunn i vedtaket har administrasjonen gjennom ei arbeidsgruppa saman med Asplan Viak AS som rådgjevar, fått utarbeidd eit notat/rapport om forslag til reinseløysingar og alternative plasseringar for nytt avløpsreinseanlegg for Manger.

I tillegg til Asplan Viak AS har arbeidsgruppa bestått av Einar Færø og Tore Rikstad frå Teknisk drift, og John Bauge, som også er leiar i den kommunale byggjenemnda.

Med utgangspunkt i å samla 3 kommunale og fleire private slamavskiljarar i eit nytt felles reinseanlegg, har arbeidsgruppa vurdert både ulike reinseløysingar og alternative plasseringar, fordelar og ulemper, og kostnadene ved dei ulike løysingane.

Alternative plasseringar for nytt reinseanlegg:

- **Ved Pollen:**

I Huldredalen - der eksisterande reinseanlegg ligg i dag. Ettersom tomten er kommunalt eigd er det også tidlegare planlagt nytt reinseanlegg her, men det er liten plass til ei utviding, særleg om ein reinseløysing med slamavskiljar.

- **Ved Skitkaia:**

Det er tidlegare vurdert å plassere reinseanlegget mellom to eksisterande naust. Dette er ikkje lenger aktuelt, men det kan vera mogleg med ei plassering inn mot fjellveggen kor tomt er avsett til offentleg bygning, men privat eigd.

- **Ved Mangersvåg kai:**

Etter samtale med grunneigar er det no dukka opp eit alternativ med å plassera reinseanlegget inn mot eksisterande industribygg (tidlegare fryselager til Manger Fiskemat) der det i dag står eit tilbygg. Eigedommen er privat eigd.

- **Ved Mangersnesvegen:**

Her ligg det i dag ein kommunal slamavskiljar og ved ei utviding/utsprenging på denne lokaliteten vil det vera mogleg å få etablert eit nytt anlegg. Eigedommen er privat eigd.

### **Alternative reinseprosessar:**

Tradisjonell slamavskiljar og mekanisk silanlegg er vurdert som aktuelle reinseprosessar og er samanlikna både teknisk og økonomisk. Med bakgrunn i SSB si framskriving av vekst i folketalet på 20 prosent innan 2040, har ein no vurdert og tatt utgangspunkt i ei dimensjonering på 1500 pe mot tidlegare 2500 pe.

Ein tradisjonell slamavskiljar med 3 kammer vil få eit våtvolum på ca. 800 m<sup>3</sup> og ei grunnflate på ca. 200 m<sup>2</sup>. Forventa reinseffekt tilfredsstillir dagens forskriftskrav. Ved belastning utover 1500 pe kan tømmeffrekvensen aukast frå 1 til 2 gonger pr. år. Driftkostnader utover tømning er minimal.

Byggjer ein eit mekanisk silanlegg i 2 etasjar vil ein få ei grunnflate på ca. 60 m<sup>2</sup>. Forventa reinseffekt tilfredsstillir reinsekrava med god margin og kan enkelt utvidast for belastning utover 1500 pe.

### **Kostnader:**

Basert på ei dimensjonering på 1500 pe og erfaringstal på prisar på tilsvarande anlegg har ein oppsummert kostnadene for dei ulike alternativa:

Plassering	Slamavskiljar	Silanlegg	Sanering Manger	Grunnavståing
Pollen	Kr. 9.600.000	Kr. 13.100.000	Kr. 2.100.000	Kommunalt eigd Kr. 0
Skitkaia	Kr. 9.200.000	Kr. 12.700.000	Kr. 2.100.000	Privat grunneigar Ca. Kr. 200.000
Mangersvåg kai	Kr. 7.900.000	Kr. 11.400.000	Kr. 2.100.000	Privat grunneigar Ca. kr. 2.000.000 sjå nedanfor
Mangersnesvegen	Kr. 8.200.000	Kr. 11.400.000	Kr. 2.100.000	Privat grunneigar Ca. kr. 200.000

Samanliknar ein prisane med tidlegare utarbeidde prosjekt og innhenting av tilbudsprisar for mekanisk silanlegg plassert ved Pollen på kr. 19.000.000, der m.a. ein større sum for uforutsette kostnader og kostnader med sanering av Mangersvågen var med, er anlegget no dimensjonert ned frå 2.500 pe til 1500 pe. Dei nye prisane er basert på erfaringstal og nøyaktig pris vil ein ikkje få før

gjennom ein tilbodsrunde.

## **Vurdering**

Arbeidsgruppa har i rapporten konkludert med at ei plassering ved Mangersvåg kai og Mangersnesvegen peikar seg ut som beste lokalitet. Begge lokalitar er privat eigd og kostnadene med grunnavståing er ikkje avklart. Dersom alternativet ved Mangersvåg kai (ved tidlegare fryseler til Manger Fiskemat) blir velt, har grunneigar kome med innspel om at kommunen då må kjøpa heile bygget og deler av kaien, med prisantydning ca. kr. 2.000.000.

Byggjenemnda har hatt saka til drøfting i møte 09.06.2016 og fatta følgjande vedtak:

*«Byggjenemnda tilrår lokalisering ved Mangersvåg kai eller ved Mangersnesvegen i tråd med rapporten frå Asplan Viak AS. Byggjenemnda meiner at eit silanlegg er ei meir tenleg og framtidretta løysing, særleg med omsyn til ei eventuell utviding og framtidig oppgradering av anlegget. Byggjenemnda meiner at prosjektet med tilrådd plassering og tilrådd reinseløysing bør innarbeidast i pågåande arbeid med revidering av Hovudplan for avløp».*

## **Konklusjon**

Plassering ved Mangersnesvegen framstår som beste alternativ både med omsyn til plassering og kostnad.

Som det går fram av rapporten er det både fordelar og ulemper uansett kva reinseløysing ein vel. Ein slamavskiljar vil vera det billegaste alternativet både når det gjeld byggekostnader og driftskostnader. På den annen side framstår silanlegg som ei meir framtidretta løysing med omsyn til reinsegrad og kontroll med kvalitet på reinsa avløp, og rådmannen meiner at dette bør leggest avgjerande til grunn for valet av reinsemetode.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Nytt renseanlegg for Manger vert plassert ved Mangersnesvegen og vert bygd som trykksilanlegg. Finansiering av renseanlegget vert å koma tilbake til i budsjett for 2017.

## **Formannskapet i Radøy - 073/2016**

### **FS - handsaming:**

Rådmannen orienterte om aktuelle løysingar og plassering av reinseanlegg på Manger og sa at det i denne omgang skal gjerast ei prinsippavklaring for å kunne koma vidare med prosjektet. Det kan visa seg å vera utfordringar med å få etablert anlegget ved Mangersnesvegen. Rådmannen meiner difor det kan vera greitt å ha alternativ plassering.

### **Rådmannen sette fram følgjande endringsframlegg i første ledd i framlegg til vedtak:**

*Nytt reinseanlegg for Manger vert plassert ved Mangersnesvegen - eller ved Manger kai, og vert bygt som trykksilanlegg.*

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg, med endringsframlegg sett fram i møte.

### **FS - vedtak:**

Nytt reinseanlegg for Manger vert plassert ved Mangersnesvegen - eller ved Manger kai, og vert bygd som trykksilanlegg.

Finansiering av reinseanlegget vert å koma tilbake til i budsjett for 2017.

**Vedlegg:**

Forslag til avløpsrensalegg for Manger

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2016	Formannskapet i Radøy	PS	30.08.2016
051/2016	Kommunestyret i Radøy	PS	21.09.2016

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tore Rikstad	16/768	16/9837

### Nye garderober Manger skule

#### Saksopplysingar:

I tråd med budsjettvedtak for 2016 vart det sett ned ei plangruppe for nye garderober og oppussing av gymsal på Manger skule med administrativ og politisk deltaking. Plangruppa har bestått av ordførar Jon Askeland og Christel Villanger Håland frå politisk nivå, og kommunalsjef Jo Tømmerbakke, rektor Inger Morken Ellingsen og prosjektleiar Tore Rikstad frå administrasjonen.

Det er sett av kr. 2.500.000 i investeringsbudsjettet for 2016. Bakgrunnen for vedtatte budsjetttramme er ei rehabilitering og oppussing av eksisterande garderobeanlegg og gymsal. Prosjektgruppa kom fram til at det bør byggast nytt garderobeanlegg tilpassa dagens behov. Dette har vore etterspurt både frå elevane, lærarane og foreldre. I tillegg vart det konkludert med å byggja lagerrom for skulekorpset som også er etterspurt av denne brukargruppa. Plangruppa sine konklusjonar har danna grunnlag for tilbodskonkurransen.

Tilbodskonkurransen er gjennomført i tråd med regelverket for offentlege anskaffelsar og vart utlyst 12.05.2016 med tilbodsfrist 27.06.2016.

Innan fristen kom det inn 2 tilbod, begge kvalifiserte til å delta i konkurransen.

Det er ført protokoll etter opninga.

#### Tilbodsprisar:

Nr.	Tilbydar	Sum inkl mva	Ev merknader/atterhald
1	Reknes Byggjevarer LL	Kr. 6.835.702,-	
2	Åsane Byggmesterforretning AS	Kr. 3.500.000,-	Sjå tilbodsbrief

Tilboda er levert med med etterspurt dokumentasjon.

Det mest fordelaktige tilbodet er levert av Åsane Byggmesterforretning AS. Det er sendt skriv til





Saka vert oversendt den kommunale byggjenemnda. Medlemene i byggjenemnda vert utvida med rektor Inger Morken Ellingsen. Det vert elles føresett at byggjenemnda knyter til seg fagkompetanse når dette viser seg å vera naudsynt.

### **Formannskapet i Radøy - 074/2016**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### **FS - vedtak:**

Radøy kommune vel å setja i gang arbeida med bygging av nye garderober i samsvar med utarbeidd prosjekt. Totalkostnad på prosjektet vert godkjent til kr. 4.812.500,- inkl mva.

Prosjektet kan starta i 2016 og ferdigstillast i 2017. Arbeid utført i 2016 tilsvarer budsjetttramma i 2016 på kr. 2.500.000,- og at resterande arbeid med kostnadsramme på kr. 2.312.500,- skal utførast i 2017. Løyving for arbeidet neste år vert å koma tilbake til i samband med budsjettvedtaket for 2017.

Administrasjonen kallar Åsane Byggmesterforretning AS inn til kontraktsmøte med sikte på kontrakt straks klagefrist for avgjerda om tildelinga er utgått.

Saka vert oversendt den kommunale byggjenemnda. Medlemene i byggjenemnda vert utvida med rektor Inger Morken Ellingsen. Det vert elles føresett at byggjenemnda knyter til seg fagkompetanse når dette viser seg å vera naudsynt.